

Saksnr
21/23

Utval
Utval for plan og utvikling

Møtedato
29.06.2023

Andre gongs handsaming - Fastsetjing av planprogram kommunedelplan hovedplan veg

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og utvikling fastset planprogram for kommunedelplan for hovedplan veg. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-13, jf. § 4-1

Røysting

Framlegget frå rådmannen var samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for plan og utvikling fastset planprogram for kommunedelplan for hovedplan veg. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-13, jf. § 4-1.

Rådmannen, 19.06.2023

Dokumentliste

X	28.12.2022	Anne Randi Naurstad	Hovedplan veg Stord
X	16.01.2023		Hovedplan veg - gammel 2014 - 2019
N	03.02.2023	Anne Randi Naurstad	SV: Hovedplan veg Stord
I	09.02.2023	Ivar Faksdal	SV: Stord hovedplan veg
N	01.03.2023	Anne Randi Naurstad	Stord hovedplan veg
S	11.04.2023		Planprogram hovedplan veg
N	21.04.2023	Anne Randi Naurstad	Stord hovedplan veg status
X	21.04.2023		Saksprotokoll frå PUT 20.04.23 - Planprogram hovedplan veg
U	23.04.2023	STATSFORVALTAREN I VESTLAND m.fl.	Melding om oppstart og høyring av planprogram for kommunedelplan veg Stord kommune
I	26.04.2023	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Fråsegn - oppstart og høyring av planprogram - Stord - kommunedelplan for hovudplan veg
I	05.05.2023	Statens vegvesen	Vedr. 23-75184-2 - Svar - Høyring - Kommunedelplan veg - Stord kommune
S	02.06.2023		Andregongshandsaming - Fastsetjing av planprogram kommunedelplan hovedplan veg
I	01.06.2023	STORD NÆRINGSRÅD	Høyringsinnspel Planprogram for kommunedelplan veg
I	05.06.2023	Vestland fylkeskommune	Fråsegn til melding om oppstart og høyring - kommunedelplan veg - Stord kommune

Vedlegg

- 1 Fråsegn oppstart planprogram kommunedelplan for hovudplan veg.pdf
- 2 Svar - Høyring - Kommunedelplan veg - Stord kommune.PDF
- 3 Høyringsinnspel Planprogram for kommunedelplan veg
- 4 Planprogram veg. Uttale frå barnerepresentanten
- 5 Fråsegn til melding om oppstart og høyring - kommunedelplan veg - Stord kommune.pdf
- 6 Saksprotokoll frå PUT 20.04.23 - Planprogram hovedplan veg
- 7 Planprogram hovedplan veg Stord

Innleiing (bakgrunn for saka)

Planprogram for kommunedelplan for hovedplan veg vert lagt fram for andre gongs handsaming i Utval for plan og utvikling. Utvalet er delegert mynde til å vedta planprogram etter plan- og bygningslova § 11-13 andre ledd for m.a. kommunedelplanar og temaplanar som høyrer inn under sitt saksområde.

Planprogram for kommunedelplan for hovedplan veg vart handsama i Utval for plan og utvikling i møte 20.04.23 sak PS 7/23. Det vart vedteke å starta opp planarbeidet, sende ut planprogrammet på høyring og legge det ut til offentleg ettersyn i 6 veker.

Oppstart av planarbeid vart kunngjort i Bladet sunnhordland og på kommunen si nettside. Planprogrammet vart den 23.04.23 sendt på høyring til m.a. Statsforvaltaren, Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen, Sør-vest politidistrikt, SIM, Skyss, Stord Fitjar landbruks og miljøkontor, Stord næringsråd, Stord ungdomsråd, Norges handikapforbund Stord, Stord taxi, Leirvik taxi, barnerepresentant/folkehelsekoordinator, feiing, brann, beredskap, eldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne mfl.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Det er kome inn 5 innspel til planarbeidet. Rådmannen har oppsummert og kommentert kvart innspel. Innspela ligg også som vedlegg i saka.

Innkomne merknader

1. *Statsforvaltaren i Vestland* skriv i brev datert 25.04.23 at dei er positiv til at kommunen går i gang med planarbeidet. Dei nemner samstundes at det er viktig at kommunen ser arbeidet i samanheng med resterande planarbeid i kommunen, slik at kommunen får til ein god integrasjon mellom ulike planar og plannivå for å byggje oppunder viktige nasjonale og regionale mål knytte til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, barn og unges interesser i planlegginga, samfunnstryggleiksomsyn mv. Dei peikar på at brei medverknad òg er ein viktig del av planprosessen, ikkje minst frå barn, unge, eldre og menneske med særlege behov (reduisert funksjonsevne). Særleg viktig er det å sjå kommuneplanens samfunnsdel (som nettopp er revidert) og kommuneplanens arealdel (som er under revisjon) i samanheng med hovudplan veg, i tillegg til kommunen sin trafikktryggingsplan. Avslutningsvis rår dei kommunen til å ha særleg merksemd på å etablere eit robust system for prioritering av tiltak slik at ein gjer dei rette tinga samstundes som ein gjer ting rett. Dette for å styre elles knappe ressursar dit behovet faktisk er størst. Dei skriv at elles kan det fort verte dei sakene som får mest merksemd som vert høgast prioritert.

Kommentar:

Rådmannen er samd i at det er viktig å sjå arbeidet med hovudplan veg i samanheng med andre planarbeid i kommunen. Kommuneplanens arealdel er under revisjon. Trafikktryggingsplanen skal framleis ligge til grunn for åtfærds- og handlingstiltak og prioritering av nye fysiske tiltak i kommunen. Kommunen held også på å utarbeida ein kommunedelplan for overvatn. Rådmannen legg til grunn at behov for t.d. nye gang- og sykkelveggar vert vurdert i arbeidet med arealdelen eventuelt i reguleringsplanprosessar.

Rådmannen er samd i at brei medverknad er ein viktig del av ein planprosess. I dette planarbeidet er tema i hovudsak forvaltning, drift og vedlikehald av sjølvveggkroppen og å synleggjera utfordringar med drift av vegnettet som krev tiltak. Føremålet med planarbeidet er ikkje å planleggja nye veggar eller gang- og sykkelveggar, men m.a. finne ut kva tema vi må ha fokus på framover og få dette implementert i kommuneplan m.v. Planen vert utarbeidd som ein kommunedelplan i tråd med plan- og bygningslova og det er høve til medverka i samband med oppstart og høyring. Rådmannen kan ikkje sjå at det er grupper som blir særskilt rørt av dette planarbeidet. Rådmannen vurderer at medverknad i planprosessen som går fram i kap. 5 i planprogrammet, vil ivareta kravet i denne planprosessen. Rådmannen viser elles til kommentar under pkt. 4.

2. *Statens vegvesen* skriv i uttale datert 05.05.23 at dei ser svært positivt på at Stord kommune no legg fram kommunedelplan med fokus på det kommunale vegnettet. Dei skriv at arbeidet med ein slik plan gjev kommunen god oversikt over vegnettet og standarden på det. Dei skriv at det vil også gje innblikk i trong for vedlikehald og utfordringar med drift av vegnettet og vil kunne vere med på stake ut kursen for framtidig vegnett i kommunen.

Statens vegvesen oppfordrar kommunen til at når ein oppgraderar og etablerer kommunalt vegnett spesielt gjev plass til mjuke trafikantar. NTP set krav om at auka i persontrafikken skal handterast med bruk av gange, sykling og ved kollektivtransport. Det er soleis viktig at framtidig kommunal veg vil kunne klare å samordne desse transportformene. Gange og sykling vil i tillegg vere med på å gje positive tiltak til folkehelsa. Statens vegvesen legg elles stor vekt på at vegnettet blir utforma på ein slik måte at det ivaretek trafikktryggleiken til dei ulike trafikantgruppene. Eit særleg fokus skal det vere på skuleveg og på eldre si ferdsle. Dei minner om krav til universell utforming for dei som er syns- og funksjonshemma. Dei ser positivt på at planprogrammet tek opp i seg utfordringane med klima, miljø og berekraft. Klimaendringane vil i åra som kjem truleg sette eit større preg på utfordringane på vegnettet også dei kommunale, der mellom anna meir ekstreme vêrsituasjonar vil utfordre standarden og ferdsla på vegnettet.

Statens vegvesen skriv vidare at planprogrammet legg opp til utgreiing på sentrale tema for veg, under punkt 6. Dette gjeld klassifisering av vegtypar og tilstanden på

vegane. Det er knytt kostnadsforslag til drift og vedlikehald og oppgradering av vegnettet med tanke på bereevne. Momenta gjev grunnlag for framtidig nivå for løyvingar for det kommunale vegnettet. Dei skriv at alt i alt gjev dette moglegheit for ein grundig gjennomgang av det kommunale vegnettet og dannar grunnlag for framtidig vedlikehald og utvikling. Dei skriv at med utgangspunkt i planen vil dette kunne gje Stord kommune ein god oversikt over vegnettet, trong for utbetring og vedlikehald, samt danne grunnlag for eventuelle nye vegar der klima og miljø, samt ferdsla til mjuke trafikantar vil ha ein sentral plass. Statens vegvesen kan kome tilbake med ytterlegare trafikale merknader når planen vert lagt ut på offentleg høyring. Dei ønskjer kommunen lukke til med det vidare arbeidet med planen.

Kommentar:

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 vart vedteke i kommunestyret 21.06.2022. Her går det fram at Stord m.a. har som hovudmåla å vera ein nullutsleppskommunen i høve klimagass i 2030. Ein av målsettingane i samfunnsdelen er at det skal leggjast til rette for at fleire kan sykle og gå til daglege gjeremål. Eit anna er å etablere sykkelvegnett frå Rommetveit (HVL) til Sagvåg via sjukehuset, Leirvik sentrum, Vabakkjen og Heiane med vidare påkopling av store arbeidsplassområde som Aslaksvikjo og Eldøyane

Vidare har trafikktryggingsplanen m.a. som målsetjing at kommunen skal arbeide aktivt for at det vert bygd fleire g/s vegar og fortau. Når det gjeld utforming av vegnettet slik at ein ivaretek trafikktryggleiken til dei ulike trafikantgruppene, så viser rådmannen til at alle tiltak vert regulert og prosjektert av fagkunnige. I samband med dette er det eit særleg fokus på skuleveg og krav til universell utforming.

3. *Stord næringsråd* skriv i e-post datert 01.06.23 at dei er glad for å verte invitert til å kome med innspel til planprogram for kommunedelplan veg. Dei skriv at dei ikkje har merknader til planprogrammet slig det ligg føre, men vil følgje med og kome med innspel i prosessen vidare.
4. *Barnerepresentant* skriv i uttale datert 02.06.23 at turvegnettet er ein ressurs som er viktig for berekraftig forvaltning, både i høve sosial berekraft (trivsel, helse) og for miljømessig berekraft i form av utsleppsfrie ferdselsårer. Vedlikehald av turvegnettet bør difor sjåast som ein likeverdig del av ansvarsområde der prioritering skjer utifrå ei samla vurdering, og ikkje noko som skjer på bekostning av andre oppgåver.

Barnerepresentant skriv at utrygge skulevegar som gir rett til skuleskyss bør ha eit særskilt fokus. Kommunen har vedtatt å vere aldersvennleg kommune. Dette medfører at tilrettelegging for god tilgjenge, trygg ferdsel og opplevd tryggleik for eldre skal leggjast vekt på. Vidare skriv barnerepresentant at ein bør tilrettelegging for aktiv transport og ev. mikromobilitet nemnast.

Barnerepresentant skriv at tilstandsregistreringa også må gjelde gang- sykkelvegar. Vidare at det også bør greiast ut universell utforming i og rundt sentera og andre aktuelle område. Trygge skulevegar og trafikkavvikling ved skulane er eit anna viktig tema. Til sist skriv barnerepresentant at planprogrammet må vise korleis medverknadsprosessar i sjølve planarbeidet er tenkt gjennomført. I tråd med samfunnsplanen sitt mål om inkluderande samfunn bør involvering skje tidleg i planprosessen, og ikkje berre i høyringsfasen. Ein viser til at kommunen har vedtatt strategi for brukarmedverknad i plan- og utviklingsarbeid.

Kommentar:

Barnerepresentant skriv at vedlikehald av turvegnettet bør sjåast på som ein likeverdig del av ansvarsområde til veg der prioritering skjer utifrå ei samla vurdering, og ikkje noko som skjer på bekostning av andre oppgåver. Rådmannen er samd i dette og viser til at vegavdelinga gjer heilskaplege vurderingar og prioriteringar med dei ressursane ein har til rådvelde.

Hovudplan veg er ein kommunedelplan som gjeld for tema veg, og det vil bli utarbeida ein tilhøyrande handlingsplan for at kommunen skal kunne arbeida

målretta, strategisk og prioritera rett i høve forvaltning, drift- og vedlikehald samt investeringsbehov på kommunalt vegnett for at vegstandarden skal verte oppretthalde over tid.

Barnerepresentant skriv m.a. at utrygge skuleveggar som gir rett til skuleskyss bør ha eit særskilt fokus. Vidare skriv barnerepresentant at ein bør tilrettelegging for aktiv transport og ev. mikromobilitet nemnast. Som nemnd gjeld denne planen i hovudsak drift- og vedlikehald av det eksisterande vegnettet og ikkje utvikling av nye anlegg for gåande og syklande. Trafikktryggleik er tema som ein jobbar med uavhengig av denne planen og behov for nye gang- og sykkelveggar og dei nemnde tema kan ein t.d. vurdere og synleggjera i arealdelen. Trafikktryggleik vert også tema i reguleringsplanarbeid ved etablering av nye bustadområde.

Drift og vedlikehald er eit fagområde som har stor betydning for framkome og trafikktryggleik på vegane. Planen sitt fokus er at køyreveggar, gangveggar og fortau skal være framkommeleg og trafikksikker. Vegnettet vert slitt og påført skader. Ein veg må driftast, og haldast ved like og oppgradast. Hovedplan veg gir ein oversikt over omfanget av vegnettet, standarden og kva som krevjast av tildelte midlar for å oppretthalde vegkapitalen. Tilstandsregistreringa gjeld også kommunale gang-sykkelveggar.

Som det går fram av planprogrammet skal planen utarbeidast som ein kommunedelplan i tråd med krav plan- og bygningslova for å sikre medverknad og forankring av planen politisk og administrativt. Då planen gjeld forvaltning, drift- og vedlikehald av vegnett, vurderer rådmannen at krav til naudsynt medverknad vert ivareteke gjennom lovbestemte høyringar og politisk handsaming.

Kommunen har vedteke trafikksikringsplan 2022-2025, der mål og strategiar for trafikksikring går fram. Av TS-planen går prioriterte tiltak fram og kommunen vil følge denne planen.

5. *Vestland fylkeskommune, avdeling for næring, plan og innovasjon* skriv i brev datert 05.06.23 m.a. at planprogrammet er utarbeidd på ein oversiktleg måte og avklarar rammer, utfordringar og mål for planarbeidet. Seksjon for kulturarv peikar på at det er ei rekke automatisk freda kulturminne og kulturmiljø med verneverdi i Stord kommune og at konflikt med desse bør så langs som råd unngåast. Dei viser til kulturdatatabasen Askeladden, SEFRAK-registeret og kommunen sin kulturminneplan.

Fylkeskommunen viser til at Vestland fylkeskommune har gjennom vedteken utviklingsplan for Vestland 2020-2024 og i regional plan for klima 2022-2035 satt klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga i fylket. Samferdselssektoren er ei stor kjelde til klimagassutslepp. Klimagassutsleppa frå transportsektoren i Vestland står for 35 % av utsleppa i regionen. Dei tre største utsleppskjeldene er vegtransport frå personbilar, vegtrafikk frå store køyretøy og sjøfart for passasjerar. Omstilling av transportsektoren er difor viktig for å nå målet om netto nullutslepp innan 2030. Dei føreset at kommunedelplanen vil vise tiltak som har potensiale til direkte og indirekte å redusere klimagassutslepp, jf. utviklingsplanens hovudmål 2 og regional plan for klima med vekt på deltemaet som omhandlar transport. Dei viser til dømes til at «Strategi for vidare utvikling av hurtigladetilbodet i Vestland fylke» vil vere aktuell å sjå til i fasen med å leggje til rette for vegbygging tilpassa framtidens trafikkbilde, dvs. elektrifisering av m.a. personbilar, varebilar og tunge køyretøy. Dette inneberer samstundes å vurdere og integrere prinsipp for berekraftig transportplanlegging og infrastrukturforvaltning i utforminga av kommunedelplanen.

Fylkeskommunen skriv at for å sikre ei langsiktig og ansvarleg forvaltning av det kommunale vegnettet som òg tar omsyn til både dagens og framtidige behov, er det viktig at ein i det vidare planarbeidet har fokus på klimatilpassing, bruk av vegetasjon og andre naturbaserte løysingar for å redusere overvassproblematikk og forbetre lokal drenering, vasshandsaming, mv. Dei skriv at implementering av grøn infrastruktur også har betydning i høve korleis planen bidreg til at framtidige vegprosjekt kan tilpassast eit endra utfordringsbilette ved å redusere negative miljøpåverknader og beskytte økosystema.

Fylkeskommunen er vidare oppteken av at planen legg vekt på å utvikle eit vegnett som støtter opp om berekraftig mobilitet og trygg ferdsel for mjuke trafikantar. Då tenkjer vi særleg på skape forutsetningar for eit godt utbygd nettverk av gang- og sykkelstiar, effektiv og tilgjengeleg kollektivtransport og gode tilretteleggingar for gåande og syklende, som god belysning, fortau, trafikk sikre kryss og trygge skoleveggar.

Fylkeskommunen viser til at i planprogrammet s 9 skriv kommunen om gang-/sykkelveggar langs fylkesveggar, der det har vore praksis at dersom det er kantstein som skil fortau frå kjøreveg så er det fylkeskommunen som har driftsansvar, og dersom det er rekkverk/autovern så er det kommunen som har driftsansvar. Enkelte stader vekslar det mellom desse to løysingane på eit strekke, og det kan føre til at ein har to veghaldarar på same strekk. Fylkeskommunen ser at dette kan vere upraktisk og lite logisk, det er difor sett i gong eit arbeid med å avklare føremålstenleg forvaltar- og eigarskap til vegnettet mellom dei ulike veghaldarane. I dette arbeidet vil det bli sett på omklassifisering av kommunale gang-/sykkelveggar langs fylkesveg.

Fylkeskommunen skriv vidare at Stord kommune har hatt ein gjennomgang av vegnettet og kartlagt tilstand og behov for utbetringar og potensial på det heile kommunale vegnettet. Det inneber både veg, fortau, G/S-veg, stikkrenner, vegutstyr, lys mm. Fylkeskommunen skriv at det er positivt at kommunen gjer ein grundig jobb for å sikre ein heilskapleg utbetningsprosess.

Fylkeskommunen skriv at kommunen har underteikna ein intensjonsavtale om å verte trafikk sikre kommune, og oppfølging av dette arbeidet skal leggest til grunn i vegplan for Stord kommune. Fylkeskommunen skriv at det er viktig at trafikktryggleik vert via ein sentral plass i planen, særleg med tanke for å sikre tilhøva for mjuke trafikantar. Prioritering av utbetringar, samt drift og vedlikehald av G/S-veg vil bidra til at viktige målpunkt kan nås utan bruk av bil. Til sist skriv fylkeskommunen at driftsansvaret for G/S-veg er delt mellom fylkeskommunen og kommunen, og det er difor behov for nærare avklaringar grunna kompleksiteten i ansvarsfordelinga.

Kommentar:

Rådmannen viser til at for nye byggetiltak er det i hovudsak krav om reguleringsplan eventuelt dispensasjon og at automatisk freda kulturminne, kulturmiljø med verneverdi vert ivareteke.

For tema klima og miljø viser rådmannen til kommentar under punkt 2. Rådmannen er positiv til at det sett i gong eit arbeid med å avklare føremålstenleg forvaltar- og eigarskap til vegnettet mellom dei ulike veghaldarane.

Rådmannen er samd i at det er viktig at ein i overordna planarbeid og i reguleringsplanarbeid har fokus på klimatilpassing, bruk av vegetasjon og andre naturbaserte løysingar for å redusere overvassproblematikk for å sikra ei langsiktig og ansvarleg forvaltning av det kommunale vegnettet, som òg tar omsyn til både dagens og framtidige behov og å redusere negative miljøpåverknader. Rådmannen viser til at i dette planarbeidet er tema i hovudsak forvaltning, drift og vedlikehald av sjølve vegkroppen.

Rådmannen viser elles til kommentar under punkta 1, 2, 4 og 5.

Vurdering

Rådmannen har vurdert og kommentert dei 5 innkomne uttalane under kvart punkt.

Uttalane viser til at det er m.a. viktig å ha fokus på klima- og miljø, trafikktryggleik og tilrettelegging for aktiv transport og mikromobilitet. Som nemnd gjeld denne planen i hovudsak drift- og vedlikehald av det eksisterande vegnettet og på den måten ivareta framkome og trafikktryggleik på det vegnettet vi alt har. Ein veg må driftast, vedlikehaldast og oppgradast. Hovedplanen vil gje ein oversikt over omfanget av vegnettet, standarden og kva som krevjast av tildelte midlar for å oppretthalde vegkapitalen. For nye vegar skal ein følgje gjeldande vegnormer og andre overordna krav, slik at m.a. krav framkome og trafikktryggleik vert ivareteke.

Planprogrammet er ikkje revidert i høve førstegongs handsaming. Rådmannen meiner at planprogrammet legg godt grunnlag for vidare arbeid med kommunedelplanen slik det ligg føre.

Det vert elles vist til saksframlegg handsama i PUT 20.04.23 som ligg vedlagt.

Konklusjon

Rådmannen rår Utval for plan og utvikling å fastsetja planprogrammet for kommunedelplan for hovedplan veg som ligg føre. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-13, jf. § 4-1

Plan for gjennomføring

Sjå framdriftsplan i planprogrammet.